

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fellesnemnda sitt arbeidsutval</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Hordaland - Grand Hotel Terminus</b>
<b>Møtedato</b>	<b>09.11.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00 – 13:30</b>

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
<b>Hordaland</b>		
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Pål Kårbø	Medlem	KrF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FrP
<b>Sogn og Fjordane</b>		
Jenny Følling	Nestleiar	Sp
Sigurd E. Reksnes	Medlem	Sp
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Bjørn Hollevik	Medlem	H

---

**Merknader**

Møtet vart lukka kl. 09:15. Når møtet vart lukka var Ingrid Kristine Holm Svendsen og Tore Eriksen tilstades frå administrasjonen. Det blei bestemt at Ingrid Kristine Holm Svendsen skulle vera møtesekretær når møtet vart lukka. Møtet blei opna kl. 12:00. Ingrid Kristine Holm Svendsen fortsatte som møtesekretær etter dette.

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Konst. Fylkesrådmann, Hordaland
Tore Eriksen	Fylkesrådmann, Sogn og Fjordane
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet, advokat, Hordaland
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet, Hordaland
Svein Åge Valen	Advokat for Hordaland fylkeskommune, Thommessen AS
Per Andreas Bjørgan	Advokat for Sogn og Fjordane fylkeskommune, Lund & co.
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/jurist, fylkessekretariatet, Hordaland

**SAK 40/18            Godkjenning av møteinkalling og sakliste**

**VEDTAK:**

Møteinkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

---

**SAK 41/18            Godkjenning av møtebok forrige møte**

**VEDTAK:**

Møteboka frå møtet den 28.- 29. oktober vart godkjent utan merknader.

---

**SAK 42/18            Ymse**

Inga saker til ymse.

---

**SAK 43/18            Vedtekter til fondet jamfør intensjonsplanen sitt punkt 7**

**Prosjektleiar legg ikkje fram tilråding i saka.**

**Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 28.10.2018:**

Fellesnemnda-AU vedtok samråystes å lukka møtet, jfr. Kommunel. § 31 5. ledd, jfr. Offentleglova § 23 1. ledd.

Saka blei drøfta utan at det vart fatta vedtak. Saka vil bli teke opp att på neste møte i fellesnemnda-AU.

**Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 09.11.2018**

Fellesnemnda-AU vedtok samråystes å lukka møtet, jfr. kommunelova § 31 5. ledd, Jfr. Offentleglova § 23 1. ledd.

Representanten Jenny Følling (SP) stilte spørsmål ved leiars habilitet. Det vart føreteke ein habilitetsvurdering av leiari Anne Gine Hestetun i møtet. Dette på bakgrunn av at Anne Gine Hestetun er styremedlem i BKK AS. Hestetun trådte frå under vurderinga. Fellesnemnda AU konkluderte med at Anne Gine Hestetun ikkje var inhabil. Det var 7 representantar til stades.

**Framlegg:**

**Jenny Følling (SP)** sette fram slikt forslag:

Fellesnemnda sitt AU viser til Fellesnemnda sitt vedtak av 4.05.18. AU fekk her i oppgåve å prøve å løyse opp i den usemje som kom til uttrykk i FN 8.03.18 og kome med forslag til vedtekter for det fondet som kan etablerast ihht intensjonsplanen sitt pkt. 7. Med dette som utgangspunkt vil Fellesnemnda sitt Arbeidsutval uttrykkje følgjande:

1. Arbeidsutvalet tilrår at Fellesnemnda sluttar seg til utkast til vedtekter for eit utviklingsfond for Sogn og Fjordane slik dette er oversend frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 12.09.18.
2. Arbeidsutvalet konstaterer at det ligg til fylkestinget i Sogn og Fjordane å avgjere korleis fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding AS/SFE AS skal handterast.

**Representantane fra Hordaland fylkeskommune** sette fram slik protokollmerknad:

Representantane frå Hordaland fylkeskommune i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU - FN), Anne Gine Hestetun, Silja Ekeland Bjørkly, Terje Søviknes og Pål Kårbo, gjorde 29.10 framlegg om at dersom Sogn og Fjordane fylkesting vel å leggja alle aksjane (100 % av aksjekapitalen i selskapet) som Sogn og Fjordane fylkeskommune eig i Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) inn i Sogn og Fjordane Utviklingsfond (Fondet) frå 1.1.2020 kan dei same representantane rå til at det utkastet til fondsvedtekter som er utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune og presenterte for AU-FN den 20. september 2018 kan vedtakast utan endringar.

Desse representantane viser også til framlegg til alternativ modell med delt eigarskap til Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) m/tilhøyrande justerte vedtekter oversendt 3.november til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi konstaterer at medlemmene i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU – FN) frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje har vore innstilt på å drøfte dette alternativet. Desse representantane ber om at dokumenta knytt oversendinga 3.november følgjer saka vidare.

**Avrøyting:**

Forslaget frå Jenny Følling fekk 4 røyster (4 representantar frå Sogn og Fjordane) og fall. 4 representantar frå Hordaland, med møteleiar si røyst, røysta mot.

**VEDTAK:**

Saka vert lagt fram for fellesnemnda utan innstilling.

---